



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/82682-2

Deres referanse:
23/1555 – 23/34009

Vår dato:
30.05.2023

Uttale til søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik Sentrum til uttale – gnr. 188 bnr. 385 Gjervik ytre – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 03.05.2023. Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon til opparbeiding av overflateparkering på eigedom gnr. 185 bnr. 385 i Knarvik Sentrum. Det skal opparbeidast 67 parkeringsplassar. Tilkomst skal skje frå Lyngvegen via gnr. 188 bnr. 389 der Statens vegvesen er grunneigar.

Av kommunens oversendingsbrev går det fram:

Lyngvegen skal i følge områdereguleringsplanen for Knarvik Sentrum stengast. Det er i vedtak datert 25.02.2021 i Utval for areal, plan og miljø gitt dispensasjon frå områdeplanen for kravet om detaljregulering og vist stenging av Lyngvegen, jf. arkivsak 20/8216.

Det er gitt dispensasjon og rammeløyve til oppføring av forretnings- og bustadbygg på del av BS7 og BS8 med parkeringskjellar i vedtak i Utvalt for areal, plan og miljø 08.02.2023, jf. arkivsak 22/5386.

Tiltaket er nabovarsla. Statens Vegvesen skriv i merknad datert 17.02.2023 at dei ikkje har vesentlege merknadar til at det vert etablert mellombels parkeringsplass på arealet, men at det må gjerast avtale med dei dersom tilkomst skal etablerast over gbnr 188/389.»

Statens vegvesen har tidlegare gjeve merknad til nabovarsel i rolla som grunneigar. Til denne søknaden om dispensasjon uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg og som sektormynd. Statens vegvesen har sektoransvar for trafikkisikkerheit, klima- og miljøområdet og heilskapleg bypolitikk. Videre har Statens vegvesen eit nasjonalt koordineringsansvar og fagleg ansvar for kollektivtransport, arbeidet med byvekstavtaler, bypakker og bompengefinansiering, samt samfunnstryggleik og beredskap.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Planstatus

Tiltaket ligg delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planID. 1263-201002, og delvis innanfor områdeplanen Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø med planID. 1263-201201.

Innanfor områdeplanen for Knarvik Sentrum er tiltaket i strid med arealføremålet sentrumsføremål BS7, føresegnsområde #12 som er mellombels rigg- og anleggsområde, jf. føresegn 3.2.6 d), og kravet om at all parkering skal skje under bakken i føresegn 3.1.9. Innanfor tunnel-planen for fv. 57 er tiltaket plassert i strid med arealføremålet anna veggrunn grøntareal, o_VG, gang- og sykkelveg, o_GS, og veg o_KV.

Uttale

Statens vegvesen hadde den 12.04.2023 eit møte med Alver kommune der mellom anna denne parkeringsplassen var tema. Statens vegvesen stilte i møtet spørsmål ved kva behov som utløyser ynskje om denne parkeringsplassen, og om parkeringsplassane eventuelt skal erstatte nokon av parkeringsplassane i parkeringskjellar i forretnings- og bustadbygg på del av BS7 og BS8. Vi fekk ikkje eit konkret svar på dette i møtet.

Ut frå det vi forstår av dispensasjonssøknaden skal forretnings- og bustadbygget etablerast i tråd med rammeløytet av 08.02.2023, jf. arkivsak 22/5386, medan dei no omsøkte 67 parkeringsplassane skal etablerast i tillegg til dette.

Utover tiltakshavars ynskje om å nytte eigedomen gnr. 185 bnr. 385 «på eit fornuftig vis» og «utnytte arealet med ei samfunnsnyttig funksjon» er det ikkje sagt noko konkret om denne søknaden totalt sett fører til fleire parkeringsplassar i Knarvik enn det reguleringsplanen legg opp til. Dersom dette er tilfelle vurderer Statens vegvesen saka slik:

I søknaden vert det vist til at for grunneigar er bruk av det aktuelle arealet til parkering *«også en klar fordel for forretningsvirksomhet med inngang frå Lyngveien inntil arealet frigjøres og kan utvikles vidare»*. Ved vurderinga i ei dispensasjonssak skal kommunen ta stilling til om fordelene ved det omsøkte tiltaket er klart større enn ulempene. Fordelen for grunneigar er at ein gjennom etablering av overflateparkering legg betre til rette for bilbasert handel. Sett ut i frå eit meir heilskapleg perspektiv, er dette ikkje nødvendigvis det same som samfunnsmessig nytteverdi. Det kjem an på kva arealutvikling ein ynskjer seg i Knarvik. Det er det sagt mykje om i reguleringsplanen for Knarvik senter. (planskildringa).

All den tid det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring av E39 må ein vurdere søknaden om dispensasjon for eit mellombels tiltak opp mot omsynet som ligg bak reguleringsplanen. Av planskildringa pkt. 7.7 går det tydeleg fram at eit sentralt mål med reguleringsplan for Knarvik senter var å fjerne overflateparkering;

«7.7 Parkering

Parkeringa i Knarvik i dag baserer seg i all hovudsak på overflateparkering. Planforslaget har som formål at det meste av denne parkeringa skal skje under bakken slik at areala heller kan nyttast til bygningar, allmenning og gaterom, og såleis skape meir byutvikling i området. Det er gjort vurderingar knytt til behov for p-plassar og plassering av offentlege/felles underjordiske p-anlegg.»

Kommunen har ikkje høve til å gje dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå vert sett vesentleg til side. I denne vurderinga vil spørsmålet om tiltaket i praksis vert å sjå på som mellombels eller permanent vere relevant. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i ei tolkingsuttale datert 27.10.2014 presisert at *«tiltak som står over to år anses som permanente, slik at tiltakene i tilfelle må behandles som ordinære permanente tiltak etter § 20-1, jf. § 20-2.»*

Dersom dispensasjonen vil opne for fleire parkeringsplassar i Knarvik enn reguleringsplanen legg opp til er det Statens vegvesen si vurdering at omsynet bak reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner vil bli sett vesentleg til side. Ytterlegare tilrettelegging for bilbasert handel i form av fleire parkeringsplassar i Knarvik sentrum vil og vere i strid med nullvekstmålet og Byvekstavtala.

Oppsummering

Når Statens vegvesen som grunneigar ikkje hadde spesielle merknadar til nabovarslinga (februar 2023) var dette vurdert isolert ut frå behovet for mellombels rigg- og anleggsområde i nær framtid.

Dersom ein gjennom denne dispensasjonssøknaden i realiteten legg opp til fleire parkeringsplassar for forretningsverksemd enn det reguleringsplanen opnar for, vil vi rå i frå dispensasjon. Overflateparkering «utanfor døra» inviterer til bruk av bil i mykje større grad enn eit parkeringsanlegg. Vi oppfattar at dei omsøkte plassane vil bli liggjande i mange år framover. Statens vegvesen meiner dette vil vere i strid med målet om nullvekst i personbiltrafikken og intensjonen i gjeldande Byvekstavtala.

Alver kommune må vurdere om omsynet bak reguleringsplanen vert sett vesentleg til side, og i samanheng med dette – om tiltaket i realiteten vert å sjå på som eit mellombels tiltak då det er knytt stor usikkerheit kring tidspunkt for eventuell realisering av E39.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i dispensasjonssaka oversendt for klagevurdering.

Transportforvaltning
Med helsing

Kjell Erik Myre
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.